
Saksnr: 2019/11-36
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		08.06.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Søknad om midlertidig fritak - Torill Selsvold Nyborg

Forslag til innstilling

Torill Selsvold Nyborg vert innvilga midlertidig fritak i tråd med søknad.

Samandrag

Torill Selsvold Nyborg har søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Bakgrunnen for søknaden er at Selsvold Nyborg er kalla inn som fast representant i Stortinget for Krf og Knut Arild Hareide, i den tida han er statsråd i Regjeringa. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Torill Selsvold Nyborg har ved e-post 22. mai 2020 søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vurdering av søknad om midlertidig fritak

Torill Selsvold Nyborg (Krf) er kalla inn som fast representant i Stortinget for Krf og Knut Arild Hareide i den tida han er statsråd i regjeringa.

Selsvold Nyborg er vararepresentant i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Kommunelova § 7-9 regulerer uttreden og fritak. I andre ledd heiter det:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018)) er om vurderinga sagt at det ikkje skal vere kurant å få fritak. Vidare at vurderinga først og fremst gjeld tilhøve knytt til den folkevalde si helsetilstand, arbeidshøve, familiehøve og andre sterke velferdsgrunnar.

I dette høve er den folkevalde kalla inn til å møte som fast representant i Stortinget. Dette er eit omfattande og krevjande verv. Selsvold Nyborg er varamedlem i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje arbeidsmengda, men arbeidssituasjonen med stor reiseavstand som her vil vere grunnlag for å innvilge midlertidig fritak. Fylkesrådmannen finn at vilkåret for midlertidig fritak er oppfylt. Fritaket gjeld inntil vervet som representant på Stortinget opphøyrer.

Konklusjon

Fylkesrådmannen finn at vilkåra for midlertidig fritak er oppfylt, og rår til at søknaden vert innvilga.